



Vibeke Anette Bastesen
Øyjordsveien 75 B
5038 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10572 - 21/19394

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
19.03.2021

Ferdigattest tilbygg fritidsbustad - gbnr 106/69 Fonnebost

Administrativt vedtak: Saknr: 364/21
Tiltakshavar: Vibeke Anette Bastesen
Ansvarleg søkjar: Forum Arkitekter AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til og fasade-ending på fritidsbustad, på gbnr 106/69. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksending krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 27.08.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.01.2021, supplert 08.02.2021.

Skildring

Adresse:	Fonnebostvegen 336
Bygningstiltak:	Fritidsbygg - tilbygg
Bygningsnummer:	176242957 - 1
Bruksareal:	10m ²
Avlaup:	Privat
Vatn:	Privat vassforsyning
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/10572

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Forum Arkitekter AS	Damsgårdsveie 5058	BERGEN
	n 16	
Vibeke Anette Bastesen	Øyjordsveien 75 5038	BERGEN
	B	